



ÅRSMØTE PROTOKOLL

ULSTEIN SEILFORENING

28.02.2023 kl 18.00 På VIKHOLMEN

SAKLISTE:

Sak 1: Godkjenning av dei som har stemmerett

30 frammøtte

Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

Sak 3: Valg av møteleiar, referent, 2 representantar til å skrive under protokoll

Tormod Heggvik og Harald Notøy underskrivarar

Cecilie Bjørnerem-Brandal referent

Tor Inge Nordmo er møteleiar

Sak 4: Årsmeldingar

- Tor Inge Nordmo les opp årsmelding frå styret
<https://docs.google.com/document/d/1xWNrEz4M-CNjfUfmX3ZygDH3edZ65tkK/edit?usp=sharing&oid=115896887732852943927&rtpof=true&sd=true>
Innspel frå Yrjar Garshol: bør vi ha ein avtale om å få bruke Borgarøya? Dette bør vi få skriftleg. Dette gjeld ikkje berre regatta, men jolleleir o.l.
- Frode Hofseth les opp årsmelding frå regatta
<https://docs.google.com/document/d/17HwdYAHdypsXLgUmPguqhHmV4OdFQ39k/edit?usp=sharing&oid=115896887732852943927&rtpof=true&sd=true>
- Erik Leenders les opp årsmelding frå jolle
<https://docs.google.com/document/d/1WLEJAvmkQmcnBHHFh5y2bH6WfWgwM4ne/edit?usp=sharing&oid=115896887732852943927&rtpof=true&sd=true>

Sak 5: Rekneskap

Tor Inge startar å informere om revisormelding (inntil Stian L. Scheide kjem, meldt om forsein). Godkjent for 2022 av Svein Elde og Ingrid Remø.

Stian L. Scheide kom, gjennomgang rekneskap 2022. Kommentar rundt eit punkt knytt til treningsavgift, der fleire ikkje betalte i 2022. Diskusjon rundt dette.

Gjennomgang for budsjett 2023.

- Det vert understreka at sponsormidlane frå Sparebanken Møre vert brukt på jollegruppa.
- Kommentar frå Stian om at ungdommar bør få meir betalt for å gjere dugnad mtp sommarcamp (i samarbeid med Ulstein kommune). Ungdomane fekk 300,- pr dag i 2022.



ÅRSMØTE PROTOKOLL

ULSTEIN SEILFORENING

28.02.2023 kl 18.00 På VIKHOLMEN

Sak 6. Innkomne forslag

- Endring av vedtekter fra revisjon til kontrollkomite? (innspel frå valkomite).
Orienterer om paragraf 11 (lov frå Seilforbundet). Kurt Skeide, frå valkomiteen, orienterer at det har vore vanskeleg å få kasserar, stiller spørsmål ved om det er krav om revisor og evt. ein kasserar i styret. Her kan det vere eit alternativ å bruke eit rekneskapsprogram som t.d. Fiken, men det er viktig å likevel ha ein person som har oversikt og kan registrere bilag m.m. I staden for revisor kan vi ha eit kontrollutval. Årsmøtet vert einige om at vi må ha kasserar og kontrollutval. Ingrid Remø seier at ho kan gi opplæring til eit kontrollutval. Vi kan evt. ta eit ekstraordinært årsmøte ved utgangen av mars, om ikkje nokon melder seg til kasserarjobben. Sjå sak 10.
- Godtgjering for nokre oppgåver/posisjonar (t.d. styret og trenar)?
Godtgjersle til enkelte kan maks vere 10.000,-. Litt diskusjon, men årsmøtet gir styret tillit til å vurdere dette. Kan undersøke kva ordning Hødd turn har.
- Fokusområde for Usf i åra som kjem - endring eller status quo (rekruttering og investering)? (Innspel frå styret). Tor Inge formidlar status.
<https://docs.google.com/presentation/d/1Br1PGfm4UIFn2zb0TXbfNwc-2S3yBQM3rhqsTVyiw4c/edit?usp=sharing> Om årsmøtet vil godkjenne at styret kan gjere beslutningar om evt. kjøp av ein kjølbåt eller to (?).
Diskusjon rundt oppbevaring (vi må også bygge opp ein ny jollebase mtp. at Borgstein ser ut til vere på "lånt" tid), vedlikehald av båtar og evt. båttypar (Optimist, og Laser er etablerte båtar i andre seilforeningar, evt. nye båtar må forankrast i kva typar andre aktuelle konkurrentar har i t.d. Ålesund). Når det gjeld evt. kjølbåt må vi tenke på kva retning vi vil satse på. J-70 og/eller typ. Maxi, Fenix el.lign. Skal Usf eige eller skal ein legge opp til privat/samarbeid? Kva gjer andre foreningar? Vi må også hugse på at om vi kjøper inn så vil vi sannsynligvis også få meir sponsormidlar. Vi må også tenke på kva retning vi vil gå. Forslag om at vi kan ta opp denne diskusjonen på eit møte for å jobbe vidare med dette. Årsmøtet godkjenner dette.

Sak 7 Kontingent

Forslag om å halde det slik som i fjor: Godkjent av årsmøtet.

300,- jolle

600,- senior

850,- for familie

Treningsavgift vidareført på onsdagsregatta, men vi må vere flinkare å følge opp om innbetalt.



ÅRSMØTE PROTOKOLL

ULSTEIN SEILFORENING

28.02.2023 kl 18.00 På VIKHOLMEN

Sak 8 Budsjett

- Gjennomgang av budsjett. Årsmøtet godkjenner budsjett.
- Har enno ikkje fått kasserar, det er rom for regnskapsfører, men det beste hadde vore ein kasserar + Fiken. Om ingen melder seg må vi ha ekstraordinært styremøte (sjå sak 10).

Sak 9 Organisasjonsplan

Vidarefører slik det har vore.

Sak 10 Val

Ronny Bårslett informerer og går gjennom.

Håvard Stave kjenner til Fiken og tar på seg verv som kasserar.

Kontrollutval: Stian Lehmann Scheide og Cecilie Bjørnerem-Brandal. Desse må ha informasjon om styremøte osv.

Årsmøtet godkjenner følgende valg:

Ulstein seilforening - Valg		
	Valgt	
Verv	2023	Fødselsdato:
Leiar	Tor Inge Nordmo	22.08.1961
NL/sekretær	Ragnhild Bakken	05.12.1978
Kasserar	Håvard Stave	24.08.1968
Styremedlem	Vidar Flø	30.05.1969
Styremedlem jolle	Johannes Kaul	27.06.2003
Styremedlem regatta	Frode Hofseth	14.10.1966
Vara (regatta)	Martin Jung Leine	31.03.1976
Vara	Ann Turid Flusund	28.10.1986

Årsmøte slutt: 20:40

Signatur:

Dato/stad: Vikholmen Ulsteinvik 28.02.2023

T. Hegvik

Thormod Hegvik

Harald Notøy

Harald Notøy